



## **Høyringsnotat om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning (opptaksforskrifta)**

### **INNLEIING**

Forsлага om endringar i forskrifta omfattar:

Kap. 2 Generell studiekompetanse §§ 2-3 og 2-4

Kap. 4 Spesielle opptakskrav §§ 4-3, 4-4, 4-7, 4-9, 4-10 og 4-11

Kap. 5 Opptak på visse vilkår § 5-1

Departementet har fått forslag om endringar i opptaksforskrifta frå seks instansar innan den fastsette fristen 15. april 2018. Dei fleste forslaga er omtalte i dette høyringsnotatet. Mindre, tekniske endringar om t.d. endringar i namn på studiar etc, vil ikkje bli sende på høyring, fordi det openbart ikkje er naudsynt, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd, bokstav c.

Vi gjer også merksam på at Stortinget 31. mai 2018 handsama *Prop. 64 L (2017-2018) Endringar i universitets- og høyskoleloven (NOKUTs oppgaver, eksamen og personvern mv.)*. Eit lovforslag frå regjeringa om å gi universitet og høgskolar sjølv høve til å stille tilleggskrav ved opptak fekk ikkje fleirtal. Dette inneber at institusjonane framleis må søkje departementet etter dei fristane som går fram av rundskriv F-09-10 (Opptak til høyere utdanning – opptakskalender).

Departementet viser også til at Stortinget 11. juni 2018 ved handsaming av eit representantforslag om å gi bibelskoleelevar to tilleggsspoeng (Dokument 8:196 (2017-2018)), gjorde vedtak om å be regjeringa foreta ein gjennomgang av reglane for rangering av søkerar til høgre utdanning og komme tilbake til Stortinget på egna måte. Departementet vil starte opp dette arbeidet hausten 2018. I denne samanhengen vil departementet også gå gjennom ordlyden i føresegne i kapittel 7 med sikte på ei forenkling. Vi gjer merksam på at det er fleire instansar som har meldt inn ønske om endringar i kapittel 7 Rangering av søkerar ved opptak. Som følgje av Stortingets oppmodingsvedtak (nr. 887), vil ikkje departementet foreslå endringar i denne omgangen.

Departementet legg til grunn at endringar som er foreslårte og som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, skal få verknad frå og med opptak til studieåret 2019-2020.

## KAPITTEL 2 GENERELL STUDIEKOMPETANSE

### § 2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning og § 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

Gjeldande rett

#### § 2-3. Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

Det følgjer av § 2-3 at søkerar som har fått opptak utan å ha generell studiekunnskap (GSK) og som har minst 60 studiepoeng frå universitet eller høgskole, får GSK gitt at dei kan dokumentere tilstrekkelege norskkunnskapar. Dette er særleg aktuelt for søkerar som kommer frå andre land, men kan også gjelde for søkerar med norsk vidaregåande opplæring som av forskjellige grunner ikkje GSK.

Det følgjer også av andre ledd i føresegna at dersom den høgre utdanninga ikkje har hatt norsk eller eit anna nordisk språk som undervisningsspråk, må norskkunnskapar dokumenterast, jf. § 2-2. For søkerar som har utdanninga si frå land utanfor Norden, og som har blitt tekne opp til framandspråklege utdanningsprogram, gjeld krav om norskkunnskapar med heimel i § 2-2, det vil i praksis si at dei må dekke norskkravet ved anten å bestå norsk (393 timer) i vidaregåande opplæring eller ein godkjend test i norsk. For ei full liste over alternative måtar å dekke norskkravet på, viser vi til forskrifta § 2-2.

#### § 2-4. Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

Forskrifta § 2-4 viser til at søkerar som har fullført og bestått ein fagskoleutdanning med 120 fagskolepoeng/studiepoeng, får GSK.

Det følgjer vidare av andre ledd i føresegna at dersom fagskoleutdanninga ikkje har hatt norsk eller eit anna nordisk språk som undervisningsspråk, må søkeren ha fullført og bestått faget norsk (393 timer) i vidaregåande opplæring, jf. § 2-1. I tillegg må søkerar som har utdanning frå land utanfor Norden dokumentere engelsk, då [GSU-lista](#)<sup>1</sup> er bindande ved opptak til høgre utdanning.

Innspel frå UH-sektoren

#### Krav om norsk i § 2-4 andre ledd

Samordna Opptak (SO) viser i sitt høyringsinnspel til at søkerar som har opptaksgrunnlag ved at dei har fullført ei høgre utdanning eller ei fagskoleutdanning med eit anna språk enn norsk eller nordisk, må dekkje kravet om norsk. I gjeldande forskrift er det i § 2-4 (fagskoleutdanning) vist til at søkerar må dekke norsk etter § 2-1, som inneber at slike søkerar må fullføre faget norsk i vidaregåande opplæring (393 timer). Søkerar med høgre utdanning etter § 2-3 og søkerar med vidaregåande opplæring frå land utanom Norden etter § 2-2, kan velje å dokumentere norsk med ein godkjent test i norsk. SO meiner at det er uheldig at det er ulike krav og foreslår at krava blir harmoniserte.

#### Krav om engelsk

SO gjer også merksam på at det i § 2-3 ikkje er fastsett krav om engelsk som normalt er eit nødvendig fag for søkerar som skal studere i Noreg. SO foreslår derfor i tillegg å legge inn

---

<sup>1</sup> Generell studiekunnskap for utenlandske søkerar.

eit nytt andre ledd med krav om engelskkunnskapar også i § 2-3, slik som gjeld for søkerar med fagskole, jf. § 2-4 (2).

#### Kommentarar og forslag frå departementet

Kunnskapsdepartementet viser til forslaga og utgreiing frå SO knytt til innspelet og foreslår at fagkrava for utanlandske søkerar blir likeins i §§ 2-3 (2) og 2-4 (2), sjå forslag til endring i forskrifa.

### **KAPITTEL 4 SPESIELLE OPPTAKSKRAV**

Departementet viser til at det følgjer av universitets- og høgskolelova § 3-6 at Kunnskapsdepartementet kan fastsetje spesielle opptakskrav for studium og fagområde når omsynet til gjennomføring av studiet gjer dette nødvendig. Slike spesielle opptakskrav som kommer i tillegg til krav om GSK, er fastsette i kapittel 4.

#### **§4-4 Spesielle opptakskrav til arkitekturfag og teknologiske fag**

##### Gjeldande rett

Det er i § 4-4 fastsett spesielle opptakskrav for nokre utdanningar innan arkitektur- og teknologiske fag ved enkelte universitet og høgskolar.

##### Innspel frå UH-sektoren

SO foreslår ei endring i krava til dokumentasjon i § 4-4 første punkt. Det gjeld søkerar med teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999. SO foreslår at krava til dokumentasjon for søkerar til arkitekturutdanning ved NTNU blir identiske med det som gjeld for integrert masterstudium i teknologi, jf. tredje punkt og ingeniørutdanning, jf. fjerde punkt.

##### Kommentarar og forslag frå departementet

Kunnskapsdepartementet ser at forslaget frå SO er ei naturleg endring, jamfør endringa som er gjort i tredje ledd i føresegna i gjeldande forskrift. Departementet foreslår derfor at forskrifa blir endra på dette punktet.

#### **§ 4-7 Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar**

##### Gjeldande rett

Det er i § 4-7 fastsett spesielle opptakskrav til dei fleste lærarutdanningane. I tredje punkt er det fastsett krav om sørsamisk for *Grunnskolelærar- og barnehagelærarutdanning med sør-samisk* i tillegg til krav om GSK.

##### Innspel frå UH-sektoren

Nord universitet (Nord) har oppretta ei grunnskolelærarutdanning med anten sør- eller lulesamisk som fag. Nord ønskjer derfor å leggje til lulesamisk som alternativt språkkrav i § 4-7 tredje punkt.

### Kommentarar og forslag frå departementet

Kunnskapsdepartementet viser til at språkkompetanse er viktig for å oppretthalde samisk kultur. Dette gjeld både sørsamisk og lulesamisk. Kunnskapsdepartementet foreslår endring i tråd med Nord sitt forslag.

## § 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag

### Gjeldande rett

Det er i § 4-9 lista opp kunstuddningane der institusjonane sjølv har ansvar for å arrangere opptaksprøver som spesielt opptakskrav i tillegg til krav om GSK.

### Innspel frå UH-sektoren

NSKI Høyskolen (NSKI) har søkt om å få nytte opptaksprøve som spesielt opptakskrav til eit nytt studietilbod *bachelorstudium i musikkteater*, som NOKUT har godkjend våren 2018.

NSKI har også bedt om å få rangere på grunnlag av opptaksprøva åleine, jf. § 7-14. Dette er ein søknad som ikkje krev høyring og som vil bli vurdert etter høyringa.

### Kommentarar og forslag frå departementet

Kunnskapsdepartementet er kjend med at NOKUT under si vurdering av det nye studietilbodet også har sett på opptakskrava, og uttrykt at ei opptaksprøve bør kunne vere ein del av opptakskravet. Departementet foreslår at NSKI får nytte opptaksprøve, i tillegg til GSK, ved opptak til musikkteater.

## § 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

### Gjeldande rett

Det er i § 4-10 lista opp enkeltutdanningar ved universitet og høgskolar der institusjonane sjølv har ansvar for å sette krav om bestemte ferdigheiter eller arrangere opptaksprøve i tillegg til krav om GSK

### Innspel frå UH-sektoren

Høgskolen i Innlandet (HiNN) har søkt om å få nytte opptaksprøve som spesielt opptakskrav på sitt *bachelorstudium i animasjon og digital kunst*.

HiNN skriv at dette studieprogrammet er krevjande med eit fleirfagleg fokus som kombinerer animasjon, digital kunst, design og teknologi. Dei meiner at opptaksprøva skal omfatte både intervju og innsending av arbeidsprøver.

### Kommentarar og forslag frå departementet

Kunnskapsdepartementet viser til at samanliknbare studium er bachelorstudium i animasjon ved Høgskulen i Volda og bachelorstudium i 3D art, Animation and VFX frå Nord universitet, og at desse har fått godkjent bruk av opptaksprøve. Departementet foreslår at HiNN også får høve til å nytte opptaksprøve til sitt studietilbod i animasjon og digital kunst.

## **§ 4-11. Desentralisert utdanning og deltidsutdanning**

### Gjeldande rett

Universitet og høgskolar kan med heimel i § 4-11 sjølv fastsette spesielle opptakskrav til desentralisert utdanning og/eller deltidsutdanning. I merknad til denne føresegna har Kunnskapsdepartementet gitt visse føringar til kva institusjonane kan fastsetje. Det kan t.d. stillast krav om inntil 5 års yrkeserfaring, inkludert 2 års relevant praksis, men ikkje andre krav, bortsett frå at til deltidsstudium som berre blir tilbode ein gong, er det rimeleg å fastsetje krav om at søkerane skal ha tilknyting til utdanningsstaden.

### Innspel frå UH-sektoren

OsloMet - storbyuniversitetet (OsloMet) har søkt om å få stille krav om tilknyting til utdanningsstaden til studium som er organisert som eit deltidsstudium, utan avgrensing til at studiet blir tilbode berre éin gong. Alternativt ønskjer dei eit tillegg til kommentarane om at det er mogleg å krevje tilknyting til utdanningsstaden for deltidsstudium der studentane sin arbeidsplass blir brukt aktivt som læringsarena.

OsloMet argumenterer med at eit studium som bruker studentane sin arbeidsplass som læringsarena gjer det mogleg å vidareutvikle studiet med tette koplingar mellom teori og praksis, og vil bidra til å sikre relevant undervisning som byggjer på oppdatert kunnskap frå arbeidslivet. Vidare seier OsloMet at dette er i tråd med kvalitetsmeldinga (Meld. St. 16 2016–2017 Kultur for kvalitet i høyere utdanning), som mellom anna legg vekt på at studieprogramma skal utviklast i tett samarbeid med arbeidslivet.

Bakgrunnen for søknaden er den arbeidsplassbaserte barnehagelærarutdanninga ved OsloMet, som tidligare vart tilbode som oppdragsstudium. Studiet skal no tilbydast som eit ordinært studium, inntil vidare med same studiemodell som tidlegare. Studiemodellen er bygd opp rundt studiesamlingar ute i barnehagane og kolokviegrupper inndelt etter geografisk nærleik, der studentane bruker dei ulike barnehagane i arbeidskrav, studentoppgåver o.l. undervegs i studiet. Lærarar frå OsloMet reiser ut til barnehagane for å ha studiesamlingar (normalt to samlingar på éin dag), og geografisk nærleik til studiestaden er difor naudsynt. Studiemodellen i den arbeidsplassbaserte barnehagelærarutdanninga inneber eit nært samarbeid mellom utdanningsinstitusjonen og det lokale arbeidslivet innanfor barnehagane.

### Kommentarar og forslag frå departementet

Kunnskapsdepartementet viser til at kommentarar i rundskriv normalt ikkje er grunnlag for høyring. Når det gjeld kommentarane til § 7-11, kan det vere grunn til å vurdere om dei burde bli lagde inn i forskrifta. Denne føresegna har vore vidareført frå forskrift om opptak til høgskolesektoren. Det er grunn til å vurdere om tida er moden for å gjere endringar gitt at det kan vere fleire enn OsloMet som kan ønskje ei oppmjuking. Ei slik endring bør, slik departementet ser det, fastsettast i forskrifta og strykast i kommentarane.

## **KAPITTEL 5 OPPTAK PÅ VISSE VILKÅR.**

### **§ 5-1. Opptak på visse vilkår**

Gjeldande rett

Søkjrarar som av spesielle omstende ikkje har gått opp til eksamen i vidaregåande opplæring og som derfor ikkje har fullverdig vitnemål, kan få opptak på visse vilkår.

§ 5-1 (2) lyder

(2) Med særskilde forhold er her meint sjukdom, ulykker eller dødsfall i nær familie. Dersom det ligg føre andre særskilde forhold, kan opptaksorganet gi opptak på visse vilkår. Særskilde forhold må dokumenterast ved attest frå lege, anna helsepersonell, politi eller tilsvarande.

Innspel frå UH-sektoren

SO ber om å endre termen "*særskilde forhold*" i § 5-1 (2) til "*spesielle omstende*" for å få lik ordlyd som i første ledd. SO foreslår også å slette den siste setninga der det er lista opp kva slag dokumentasjon søkerane skal sende inn for vurdering. SO viser til at det er sensitive personopplysningar som det berre er behov for i enkelte tilfelle.

Kommentarar og forslag frå departementet

Kunnskapsdepartementet viser til grunngjevinga frå SO og foreslår endring i tråd med forslaget.

# **FORSLAG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT OM OPPTAK TIL HØGRE UTDANNING**

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 6. januar 2015 med heimel i lov 1. april 2005 nr.15 om universiteter og høyskoler § 3-6, § 3-7 og § 4-9. Endra ved forskrift 11. oktober 2017 og 30. januar 2018.

Det er foreslått endringar i følgjande føresegner:

Endringar i forskriftsteksten er markert med **feite bokstavar** og **stryk**.

## **Kapittel 2 Generell studiekompetanse**

### *§ 2-3. Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning*

Det er foreslått endring i andre ledd:

(2) Dersom den høgre utdanninga ikkje har hatt norsk eller anna nordisk språk som undervisningsspråk, må kravet om norsk oppfyllast, jf. § 2-1 2-2. Søkjarar med utdanning frå land utanom Norden som er tekne opp på grunnlag av § 2-2 femte ledd, må dokumentere norskunnskapar etter føreseggnene i § 2-2. **Søkjarar med utdanning frå land utanom Norden må også dokumentere engelsk, jf. § 2-2 (6).**

### *§ 2-4. Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning*

Det er foreslått endring i andre ledd:

(2) Dersom fagskoleutdanninga ikkje har hatt norsk eller anna nordisk språk som undervisningsspråk, må kravet om norsk oppfyllast, jf. § 2-1 2-2. Søkjarar **med utdanning** frå land utanom Norden må også dokumentere engelsk jf. § 2-2 (6).

## **Kapittel 4 Spesielle opptakskrav**

### *§ 4-4 Spesielle opptakskrav til arkitekturfag og teknologiske fag*

Det er foreslått endring i første punkt tredje ledd:

Søkjarar med 2-årig teknisk fagskole etter rammeplan fastsett av departementet 1998–1999 og tidlegare studieordningar ~~må dokumentere kunnskapar tilsvarende matematikk R2. fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.~~

### *§ 4-7 Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar*

Det er foreslått endring i tredje punkt:

- *Grunnkolelærar- og barnehagelærarutdanning med sørsamisk eller lulesamisk.* Søkjaren må dokumentere kunnskapar i sør-samisk **eller lulesamisk** språk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen. For grunnkolelærarutdanning gjeld i tillegg krava i første streepunkt.

#### *§ 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag*

Ved opptak til desse utdanningane må søkeren bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen:

Det er foreslått nytt femtande punkt:

- **Bachelorstudium i musikkteater ved NSKI Høgskole**

#### *§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag*

Det er foreslått nytt tolvte punkt i første ledd:

- **Bachelorstudium i animasjon og digital kunst ved Høgskolen i Innlandet**

**Søkjarar må dokumentere kunnskapar i form av innsendt arbeid og bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette av institusjonen**

#### *§ 4-11. Desentralisert utdanning og deltidsutdanning*

Det er foreslått nytt andre ledd:

**Det kan stillast krav om inntil 5 års arbeidspraksis. Dersom det blir stilt krav om 5 års praksis, skal minimum 2 år utgjere relevant yrkeserfaring.**

Det er foreslått nytt tredje ledd:

**Kravet om tilknyting til utdanningsstaden må ikkje definerast slik at dei geografiske grensene blir opplevde som vilkårlege. Opptaket bør heller ikkje avgrensast til søkerar frå ein eller eit fåtal kommunar.**

### **Kapittel 5. Opptak på visse vilkår.**

#### *§ 5-1. Opptak på visse vilkår*

Det er foreslått endring i andre punkt:

(2) Med ~~særskilde forhold~~ spesielle omstende er her meint sjukdom, ulykker eller dødsfall i nær familie. Dersom det ligg føre andre ~~særskilde forhold~~ spesielle omstende, kan opptaksorganet gi opptak på visse vilkår. ~~Særskilde forhold må dokumenterast ved attest frå lege, anna helsepersonell, politi eller tilsvarande.~~